

Til Alver kommune v/ rådgjevar Anne Lise Molvik

Vedk. Søknad om utbetring av veg til gnr. 141/7 og 141/63.

Tilbakemelding på vedtaket i sak 20/13267-20/56457.

Syner til motteke brev med vedtak datert 10.09.20.

Ein har følgjande merknader til vedtaket.

#### **Til kulepunkt 1.**

Tiltaket ligg i område med godkjend reguleringsplan. Då gjeld reguleringsplanen framføre Pbl.prg. 1-8 som gjeld forbod mot bygging i strandområder. Dersom det er naudsynt med dispensasjonar her. er det i tilfelle frå gjeldande plan og ikkje frå prg. 1-8 i Pbl. Sidan tiltaket gjeld utbetring av privat veg, regulert som veg nr. 8, er tiltaket ikkje nokon dispensasjon frå plan. Tiltaket endrar ikkje planen.

#### **Til kulepkt. 2.**

Teikninga er målsett. Situasjonsplanen er ein illustrasjonsplan som syner plasseringa. Ved bruk av linjal er det ikkje vanskeleg å overføra måla frå teikninga til kartet dersom det er naudsynt.

#### **Til kulepunkt 3.**

Muren kjem ikkje i konflikt med regulert parkeringsplass nr. P7. Det er og viktig for å kunne byggje parkeringsplassen at vegen er stabil. Omsøkt tiltak vil gjera den regulert vegen V8 stabil og ikkje på nokon måte øydeleggja for parkeringsplassen. Tvert imot vil tiltaket vera til beste for parkeringsplassen.

#### **Til kulepunkt 4.**

Det står ikkje noko om, korkje i lov eller føresegner, at ein søknad ikkje kan sendast inn før nabofristen er omme. Det som står er at saka ikkje skal handsamast før fristen er omme slik at mogelege merknader frå naboane kan vurderast av sakshandsamar før vedtak vert gjort.. Nabofristen er 14 dagar. Saka var motteken av Alver kommune 08.07.20 og handsama 10.09.20 dvs. 2 mnd. etter mottaket. Fristen for nabomerknader skulle såleis vera oppnådd. Dersom det hadde kome merknader er det sjølvsagd ansvarleg søkjar sin plikt å opplysa om det. Sidan det ikkje kom inn merknader var det ikkje naudsynt med slike opplysningar.

#### **Til kulepunkt 5.**

Nabovarsling av bnr. 22 og 30. Naboane er varsla basert på nabooppgåver gitt av Alver kommune. Der var ikkje bnr. 22 og bnr. 30 med. Bnr. 22 er ikkje med då eignedomen ikkje er nabo. Bnr. 2 ligg mellom bnr. 22 og bnr. 63 som tiltaket ligg på .Bnr. 30 ,som er naust ,vart ikkje nabovarsla då desse ikkje var oppgitt i nabooppgåva frå Alver kommune. Tiltaket har heller ingen innverknad på desse nausta.

## **Til kulepunkt 6.**

Det skal korkje sprengjast eller gravast for utføring av tiltaket.. Grunnen kan derfor ikkje skiplast slik at ras oppstår. Det einaste som kan rase her, er den vegmuren som tiltaket skal reparere. Dersom reparasjonen ikkje blir gjort, vil veggen rase ut og dermed vera ein helsemessig risiko for nedanforliggjande område medrekna den kommunale gå veggen som går over bnr. 63 og fram til friområdet i Kvamsvågen. Ein ser derfor ingen grunn at det skal utførast geologiske undersøkingar for å reparere ein gamal vegmur. Kravet er urimeleg i høve til tiltaket sin storleik og mogeleg risiko.

### **Andre merknader:**

Saka vert sendt inn som eit eittrinns søknad med fristar etter Pbl. prg. 21-4 og prg. 21-7. Dvs. at svarfristen frå kommunen skal vera gitt innan 3 veker. Dersom svar ikkje er gitt er søknaden godkjend.

Etter merknadene ovanfor er saka framleis ei eittrinns sak og skal handsamast deretter.

Søknaden vart motteken av Alver kommune 08.07.20. Svar frå Alver kommune er datert 10.09.20. dvs. 8 veker etter mottaket. Grunna for sein handsaming er søknaden etter regelverket godkjent og tiltaket kunne vore både påbyrja og ferdigstillt før kommunen gav tilbakemelding.

Ved for sein sakshandsaming/tilbakemelding skal og gebyra reduserast. Etter prg. 21 -7 første og 2.ledd skal kommunen redusere, eventuelt tilbakebetale gebyret med ein reduksjon på 25% for kvar påbyrja veke over fristen på 3 veker. Etter dette skal gebyret derfor reduserast med 25% for kvar påbyrja veke dvs. for 5 veker tyder det at heile gebyret skal tilbakebetalast eller reduserast til 0.

Sidan tiltaket kjem inn på bnr. 63 som er kommunal eigedom, er det søkt om og gitt løyve frå kommunen si side om å nytte noko av arealet til murfot. Sjå vedlegg.

Tiltakshavar/ansvarleg søkjar ber om at kommunen vurderer saka på nytt der merknadene som her er kome fram vert tatt omsyn til.

Tiltakshavar

Ansvarleg søkjar.

Helge Haugland

Jens Bjordal.